

## foredragshaldarar



### Karl Otto Ellefsen

Karl Otto Ellefsen er arkitekt og professor emeritus i urbanisme ved Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo. Ellefsen er utdanna ved Architectural Association School of Architecture i London og sivilarkitekt frå Arkitektshøgskolen i Oslo. Han har publisert mykje innanfor urbanisme, byplanhistorie og arkitekturkritikk. Ellefsen har lang erfaring i å praktisere og forske på utvikling av norske byar og tettstadar.



### Guri Mette Vestby

Guri Mette Vestby er pensjonert seinorforskar, som i mange år har jobba i NIBR/OsloMet, med tematikk knytt til sentrumsutvikling og sentrumssamarbeid. Ho har gitt ut ei rekkje publikasjonar, og gjorde mellom anna følgjeforskning på det nasjonale pilotprosjektet Levende Lokaler. Ho har også relativt nyleg utarbeidd eksempelsamlinga "Sammen om sentrum" (2019).



### Hilde Hanson

Hilde Hanson er arkitekt og jobbar i Vestfold og Telemark fylkeskommune. Ho var prosjektleiar for pilotarbeidet som resulterte i rapporten "Tettere byer med høyere kvalitet - virkemiddel for attraktiv byutvikling i Vestfold" (2016). Prosjektet tilrår ei meir heilskapleg tilnærming og samarbeid for å nå mål både om tettare byar samtidig som ein ivaretar gode byrom og leike- og opphaldsareal.



### Alv Skogstad Aamo

Alv Skogstad Aamo er arkitekt og byplanleggar i Gottlieb Paludan Architects, som har kontor både i Noreg og Danmark. Aamo var prosjektleiar for rapporten "Bokvalitet og høy tetthet- hvordan kombinerer vi de to - en kvalitativ studie av ni norske eksempler" (2021) på bestilling av KMD. Aamo vil presentere hovudfunn frå dette arbeidet.



### Vivian Garnes

Vivian Garnes er arkitekt og jobbar for tida i eit engasjement for Ulstein kommune, som prosjektleiar for områderegulering for Ulsteinvik sentrum. Etter parallelloppdraget som vart gjennomført i Ulsteinvik i 2020, sette kommunen i gang eit planlagt arbeid med ny sentrumsplan. Ulstein kommune har høge ambisjonar - korleis heimle dette i plan?



### Sissel Arctander

Sissel Arctander er arkitekt med bakgrunn både frå offentleg og privat verksemd og NTNU. I dag driv ho eigen rådgjevningsverksemd. Ho skal belyse korleis utbygger og kommune kan samhandle godt om sentrumsutvikling. Kva forventer utbygger av kommunen, og kva kan utbygger vente av kommunen?



### Allan Hjorth Jørgensen


Allan Hjorth Jørgensen er seniorplanleggar og kontorleiar i Asplan Viak på Ål. Han har særleg kompetanse innan offentleg/privat samarbeid og utarbeiding av områdemodellar med bruk av utbyggingsavtaler som verktøy. Hjorth Jørgensen har fagansvar for «Utbyggingsavtaler» i Asplan Viak og er oppeken av forutsigbare planprosessar og å lage gjennomførbare arealplanar.




foto: Eva Langstein

# program tettstadseminaret i Møre og Romsdal

30. september - 1. oktober 2021



Møre og Romsdal  
fylkeskommune



## torsdag 30.september

### Velkomen

- 11:00 Registrering og lunsj  
12:00 Velkomen til Vestnes, ordførar Geir Inge Lien  
Sentrumsutvikling i Vestnes, Eva Langstein, Vestnes næringsforum

### Innleiande perspektiv - frå fugleperspektiv til smågatestein

- 12:30 Perspektiv på den norske tettstaden; by og land i går og i dag.  
Kva er viktig i utvikling av dei mindre tettstadane? Øvinga planlegging i dette bildet.  
Karl Otto Ellefsen, professor emeritus, AHO  
13:15 Områderegulering for Ulsteinvik sentrum  
Kva skjer etter mulegheitsstudiet og medverknad? Samanhengen mellom utgreiingar og det å heimle intensjonane i planen.  
Vivian Garnes, Ulstein kommune

13:45 Pause

### Fortetting - mål og tal eller skjøn og vet?

- 14:15 Fortetting med kvalitet: korleis løyse krav til uteareal på ein tettare stad  
Hilde Hanson, Vestfold og Telemark fylkeskommune  
14:45 Bukvalitet og høg tettheit. Korleis kombinerer vi det?  
Alv Skogstad Aamo, Gottlieb Paludan Architects  
15:15 Pause

### Frå plan til gjennomføring

- 15:30 Gjennomføring: Utbyggingsavtaler som gjennomføringsverktøy  
Allan Hjorth Jørgensen, Asplan Viak as (Dette innlegget er eit opptak.)  
16:00 Utbyggarperspektivet – Korleis få utbyggerar med på laget?  
Kva kan kommunen forvente av utbygger og kva forventar utbygger av kommunen?  
Sissel Arctander, sisselarctander.no  
16:30 Pause

### Oppsummering av dagen

- 16:45 Våre beste råd: Korleis kan kommunen jobbe for god sentrumsutvikling?  
Samtale: Ellefsen, Garnes, Aamo, Hanson, Arctander.

### Byvandring i Vestnes sentrum

17:45 Oppmøte/start frå Vestnes Fjordhotell

### Middag

19:30 Vestnes Fjordhotell

## fredag 1.oktober

### Kven tek ansvar for sentrum?

- 08:00 Evaluering av tettstadprogrammet i Møre og Romsdal  
Funn og resultat  
Grete Kongshaug, Tettstadprogrammet  
08:30 Kvifor må vi samarbeide om sentrumsutvikling?  
Guri Mette Vestby, tidl. seniorforskar NIBR/OsloMET  
09:00 Kommunen som utviklingsaktør i Ørsta sentrum  
Ørsta kommune  
09:30 Pause  
09:50 Frå prosjekt til drift: ansvar og oppgåver i sentrumsutviklinga  
Eksempel frå Åndalsnes, Vestnes, Molde, Ulstein, Valldal

### Arbeidsverkstad: kva har vi lært, og kva tek vi med vidare?

- 11:00 Innleiing til verkstad  
Gry Halvorsen og Ingvild Gjerdset, Møre og Romsdal fylkeskommune  
11:10 Arbeidsverkstad  
Materialet etter verkstaden blir sett saman til eit notat/hefte som deltakarane får tilsendt i etterkant.

### Avslutning

- 13:00 Lunsj  
14:00 Vel heim!

